

# Årsmelding 2025 Moster sokneråd



## Samansetjing av soknerådet 2025

|            |                                          |
|------------|------------------------------------------|
| Leiar:     | Rune Sivertsen                           |
| Nestleiar: | Gunnvald Bjotveit                        |
| Kasserar:  | Hans Magne Nesse Stokka                  |
| Skrivar:   | Solveig Eikeland                         |
| Medlemmer: | Nils Otto Espeland<br>Elisabeth Jacobsen |

Vararepresentantar: Gerda Bondø (møter fast som vara)  
Elisabeth Gjøsæther Løkling  
Arthur Anglevik  
Karianne Haugland Fimland

## Saker i soknerådet:

Soknerådet (SR) har hatt 12 møte og handsama i alt 110 saker. Soknerådsmøta vert haldne i kyrkja.

Det er blitt arbeidd spesielt med desse sakene og oppgåvene i 2025:

- planlegging og gjennomføring av seks kveldssamlingar med variert oppslutting
- gudstenestene
- nådegåvekurs
- gjennomføring av konfirmasjonstida
- komité som gav ut hefte om nytt orgel
- betra kvalitet på lyd og bilete i gudstenesta

Me gjennomførte fellesmøte for soknerådet og tilsette i soknet. Evaluering og innspel frå dette forumet er viktige for soknerådet.

## Frivillige medarbeidarar

I Moster kyrkje er det til vanleg omlag 125 frivillige medarbeidarar med viktige funksjonar og oppgåver; kyrkjevartar, nattverdsmedhjelparar, personar med ansvar for lyd- og bilete, medlemmer i ulike nemnder og utval/ komitear, vaksenleiarar og hjelparar i trusopplæringstiltak osb. Kyrkjelyd og sokneråd er svært takksame for alle desse gode og trufaste medarbeidarane.

I 2024 vart talet på frivillige mykje større, grunna jubileumsfeiring, ikkje minst i tilknytning til gudstenester i Moster amfi. Me snakkar om fleire hundre menneske.

## **Økonomi**

I takkoffer er det i 2025 samla inn kr 34005,- til generelt kyrkjelydsarbeid. I tillegg er det gjeve kr 24450 ,- til diakoniarbeidarstillinga, kr 29365 ,- til kyrkjemusikalsk arbeid. Fast givarteneste har gitt kr. 33200,- I inntekt. I alt er det då gjeve kr 121020,- til arbeid i Moster kyrkjelyd.

Til ulike eksterne organisasjonar er det gjeve kr 242878 ,- i takkoffer. Fasteaksjonen vart gjennomført med eit økonomisk resultat på kr 55 396,- som vart samla inn til Kirkens Nødhjelp via vipps og fysiske pengar. Av desse på bøsser kr 7189,-

Det er framleis nokre jubileumsbøker for sal. Vi nyttar ofte jubileumsboka som gåve til talarar, songarar og liknande.

## **Komité for hefte om orgel.**

I komiteen sat Øystein Skullerud, Randi M Olsen og Gunnvald Bjotveit. Føremålet var å lyfta fram historia om det gamle orgelet og arbeidet med å få det nye orgelet på plass. Ein referer frå markeringane i 2024, for å visa kor viktig orgelet er i konsertar, gudstenester og kyrkjelege handlingar elles. Hftet vart ferdig før 1.mai 2025, som planlagt. Soknerådet takkar komiteen for det vel utførte arbeidet.

## **Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid**

### **Trusopplæringsutvalet**

Trusopplæringsutvalet bestod av Christian Kallevåg Bjerke, Elisabeth Jacobsen, Inger Marie Gjerde, sokneprest Aksel Lygre og kyrkjelydspedagog Marta B. Havn.

21.januar 2025 og 1.september hadde vi planleggingsmøte for aktivitetar vår/haust 2025. I tillegg til å ha ei chat gruppe på Messenger.

I november vert det ein ekstraordinært møte for å planleggja LysVaken.

Utvalet stiller opp og er ein kjemperessurs til å gjennomføre tiltak!!

### **Samlingar i trusopplæringa i 2025**

*Tru:D 0 Babysong*

10 samlingar på våren og 8 samlingar på hausten med songstund og servering av lunsj. Samlingane med babysong er i kjellaren på Salem.

Samlingane er svært populære, også ungane som er blitt 1 år held fram å koma, viss dei ikkje har begynt i barnehage. Det har kome folk ifrå andre trussamfunn, noko som viser at tilbodet er veldig viktig for bygda.

**42 born har delteke, dette utgjør 467 % av dei døypte borna!!!** Det har kome opp til 16 barn på Babysong!

Kyrkjelydspedagogen har samlingane.

*Tru:D1 Myldrekveld*

1-åringane fortsett som regel på Babysong om dei ikkje har begynt i barnehagen. Til Neste år vil vi invitere 1 og 2-åringar til ei Myldrekveld-samling i Moster kyrkje.

*Tru:D3 Krøllekveld*

Ei samling med bibelforteljing om sauene som gjekk seg vill, song, aktivitetar og lek.

**5 born har delteke, dette utgjer 33 % av dei døypte borna.** Men fleire 3-åringar kjem på Knøtte-kveldar ein gong i månaden.

Kyrkjelydspedagog og ein frivillig hadde ansvar.

*Tru:D 2-3-4-5-6 Knøttekveld*

Våren 2025 blei det gjennomført 5 samlingar og hausten 4. Det vert Bibelfortelling, song, lek og formingsaktivitet. Veldig kjekk gjeng av born med foreldre som kjem. På våren hadde vi alltid to konfirantar frå miljøtiltak som hjelp oss. Kjemperessurs! På hausten var Elisabeth Jakobsen med. Tusen takk. Det er kyrkjelydspedagogen som har samlingane.

Vår gruppe er medlem i Søndagsskulen, og med får tildelt offentleg støtte basert på talet på betalende medlem.

**Antall deltakarar 2-6 år - 46 som utgjer 60 % av dei døypte.**

*Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok*

Fin gudsteneste med dåp og full kyrkje med familiar, drama-preik om "Gud som kallar Samuel", Olava Torkelsen (6 år) song solo songar – kjekt for ungane å høyre på!

**11 barn deltok, dette utgjer 73% av dei døypte borna.**

Kyrkjelydspedagog, sokneprest og 2 frivillige deltok.

*Tru:D6 Skulestartmarkering*

Gudsteneste med utdeling av barnebibel.

**9 born deltok, dette utgjer 69% av dei døypte borna.**

*Tru:D7 Påskevandring i kyrkja*

Påskevandring vert gjennomført ein tysdag ettermiddag. 7-åringane vert med på vandring i kyrkja, hadde påskeverkstad, laga påskepynt og til slutt koste vi oss med bollar. **16 born deltok, dette utgjer 76% av dei døypte borna.**

*Tru:D8 Aktivitetsdag*

Felles aktivitetsdag i Lykling kyrkje på planleggingsdagen i november vart ikkje gjennomført i år grunna store vegarbeid til Lykling (uvisse ventetid), eg var sjukemeldt og ein pedagog var på ferie.

*Tru:D9 Tårnagenthelg*

Nydeleg samling og mange kjekke aktivitetar. Tida gjekk ifrå oss ;) 5 konfirantar til å hjelpe til - heilt uerstatteleg. Fine gudsteneste med tårnagentar og konfirantar som deltek. **10 påmeldte barn, men 9 som kom. Dette utgjer 64% av døypte.**

Kyrkjelydspedagog, sokneprest og 3 frivillige var med.

*Tru:D10 Jubileum for dåp*

Festsamling, pølser, lek og bibelforteljing gjennomført saman med **14 born, noko som utgjer 64% av dei døypte borna.**

Kyrkjelydspedagog, prest og 2 frivillige hadde ansvar for samlinga.

#### *Tru:D11 LysVaken*

Veldig fin samling, sjølv om kyrkjelydspedagog måtte gå tidlegare på kvelden. Sokneprest og TOL-utval gjennomførte resten av kvelden i lag med 2 foreldre. Strålande kveld!

Fantastisk å sjå engasjerte vaksne som tar ansvar når pedagogen er sjukemeldt.

**9 born deltok, 43% av dei døypte.**

#### *Tru:D12 Aktivitetsfestival*

Ikkje gjennomført i år pga. Restaurering av Gocartbane på SOLGRY. Neste år inviterer vi både 12- og 13-åringar.

#### *Tru:D14 Innskriving av konfirmantar*

**29 konfirmantar, dette utgjer 88% av medlemmane i kyrkja.**

Sokneprest ansvarleg.

#### *Tru:D15 Konfirmantarbeid*

**26 deltok i konfirmantundervisninga, dette utgjer 72% av dei døypte.**

Konfirmasjonstida blei avslutta med 3 konfirmasjonsgudstenester:

To på Laurdag den 11/5 og ein på søndag den 12/5.

#### *Tru:D16 Fjorårskonfirmantar*

Denne aktiviteten gjennomførast ikkje dette året.

#### *Tru:D17 Londontur*

I juni deltok **6 ungdommar frå Moster sokn på Londontur, dette utgjer 17% av dei døypte.** Fantastisk tur til å anbefale. Kun 50 plassar på heile Bømlø - fyrstemann til mølla

#### **Kyrkje – skule – barnehage samarbeid**

Dette er for så vidt ikkje ein del av KUL i kyrkja, men det er likevel viktig for kyrkja å ha eit samarbeid med barnehagane og skulane i Moster sokn. Det vert ingen undretur for skulane i år. Før Påske kom Espira barnehagen til Påskevandring.

Det vert 2 skulegudstenester før jul med god elevdeltaking for barne- og ungdomstrinn frå Moster skule.

#### **Oppsummering og tankar rundt KUL for 2025**

Barnekroken fungerer fint, vert mykje brukt og må stadig ryddast 😊

TOL tar ansvar for dette på sine planleggingsmøter.

Det er viktig at kyrkjevertane veit om kroken og riggar til før gudstenesta, samt deler ut teikneark og fargeblyantar (pedagogar lager klar permen med teikningar til kvar kyrkjeår).

Pedagogen kvesse fargeblyantane.

Ingen av konfirmantane har meldt seg på til å hjelpe i trusopplæring hausten 2025, noko som er beklageleg. Dei er alltid til stor hjelp og vi håper det blir fleire neste år som vel dette som miljøtiltak.

**Ein stor takk til alle frivillige som på ulike måtar er med og bidreg i KUL i kyrkja. Saman skal me arbeida for at barn og vaksne kan kjenna seg heime i Moster kyrkje og bli kjende med Jesus.**

## Gudstenestelivet

Forkynninga av Guds ord er ei hovudsak i kyrkja. Me prøver å gjera samlingane inkluderande for både born og vaksne, for at kyrkjelyden kan veksa. Nokre særskilte gudstenester for og med unge vart gjennomførte, i tillegg til konfirmasjon og konfirmantgudsteneste.

Både talet på frammøtte og involvering i gudstenesta må framleis vera viktig. Det er ikkje mogleg å trekkja så mange konklusjonar av statistikk. Det må særskilt merkast at 2024 var jubileumsår både for kristenretten og Moster kyrkje, noko som absolutt viser att i tala.

## Faktaopplysningar

(Tabelloppsett er utdrag av "Årsstatistikk for Den norske kyrkja!")

|                                                   | 2024 | 2025 |
|---------------------------------------------------|------|------|
| Gudstenester på søndagar/heilagdag                | 32   | 30   |
| Deltakarar på gudstenester søndagar/heilagdag     | 6110 | 3465 |
| Gj.snitt deltakarar på gudstenester sønd./heilagd | 191  | 116  |
| Andre gudstenester                                | 19   | 14   |
| Døypte                                            | 20   | 16   |
| Konfirmerte                                       | 27   | 26   |
| Vigsel                                            | 2    | 6    |
| Gravferder                                        | 16   | 22   |
| Innmeldingar/utmeldingar                          | 6/7  | 2/5  |

Eit meir relevant statistisk materiale for å kunna seia noko om auka eller minka frammøte i gudstenesta etter kvart som tilhøva normaliserer seg er naudsynt.

## Kyrkjemusikalsk arbeid

2025 var eit år der ein var attende til normaldrift etter jubileumsåret 2024.

Kyrkjemusikksatsinga var snarare neddempa i høve normaldrift fordi den store satsinga i 2024 hadde tært på kyrkjelyden sine økonomiske ressursar. Ein måtte difor holde litt att. Likevel har ein gjennomført følgjande:

- Songkveld med Bømlø trekkspelklubb og kyrkjekoret med havet som tema søndag 23 mars. Det var 80 til stades og god stemning.
- Konsert med Svanhilds orkester til inntekt for Estlandskomiteen og vennskaps-kyrkjelyden i Sangaste. Det var 161 til stades.
- Songkveld i Moster kyrkje søndag 26 oktober med Otto Martinsen som songsolist (70 til stades). Kyrkjekoret (Bømlø kyrkjekor og Moster kyrkjekor fungerer no som eitt kor – sjå nedanfor) med kantor Øystein Skullerud hadde hovudansvaret for denne kvelden.

- Temakveld om musikk og helse med musikkterapeut Ian Kolstad i Moster kyrkje torsdag 13 nov. Dette var ein temakveld som kyrkjemusikalsk utval hadde ansvaret for. Det var 29 personar til stades.
- Kyrkjelyden sin tradisjonelle julekonsert søndag 14 desember med Moster skulekorps, Helge Anglevik, Heidi Rolfsnes, Bømlo kyrkjekor og Moster kyrkjekor mfl. Det var 126 til stades.
- Det var òg eit songseminar og påfølgjande konsert med kantor, dirigent og songpedagog Hans D Molvik i Moster kyrkje lør 15 februar (20 personar på seminar, 8 på konsert). Kyrkja blei lånt ut til dette.
- Dessutan følgjande gudstenester og arrangement med særskilt musikalsk preg og/eller ekstra musikalske krefter:
  - Temakveld i Moster kyrkje om pilegrimsvandring, med deltaking av kyrkjekoret og kantor Øystein Skullerud
  - Gudsteneste med vigsling av det nye orgelet (som ikkje var gjort då orgelet vart teke i bruk første gong) søndag 16 februar ved prost Arild Steinsland. Anna Lovise A Solberg deltok her på kornett.
  - Gudsteneste i Moster kyrkje 2 påskedag med Anna Nøstbakken på kornett.
  - Konfirmasjonar i Moster kyrkje 10 og 11 mai, òg med Anna Nøstbakken på kornett og solosong av Torill S Aga.
  - Gudsteneste på Vetahaugen Kristi himmelfartsdag med blåsarar frå Bømlo janitsjar og Moster skulekorps. Det var første gongen Vetahaugen vart nytta som gudstenestestad, og det vart vurdert som vellukka med 110 til stades, som er ein god del meir enn det som har vore vanleg dei åra Kristi himmelfartsgudstenesta har vore halde på Siggjo.
  - Gudsteneste i Moster kyrkje søndag 1 juni med besøk av «Septetten» frå Mandal som song i gudstenesta.
  - Gudsteneste i Moster amfi 1 pinsedag med Bømlo janitsjar og forsongarkor av Moster og Bømlo kyrkjekor med forsterkningar. Preika var ved prost Arild Steinsland. Det var 305 til stades på denne, som er relativt lite i det store amfiet, og gitt at dette er ei felles gudsteneste for heile kommunen.
  - Gudsteneste i Moster gamle kyrkje olsokdagen med deltakarar frå musikalen «Sound of Music» som gjekk av stabelen i Moster amfi i august. 146 til stades.
  - Temakveld med Haldis Reigstad med deltaking frå kyrkjekoret tor 18 sep. 82 til stades.
  - Minnegudsteneste i Moster kyrkje laurdag 1 nov med Miroslav Potfaj på fiolin.
  - Lysmesse søndag 30 november med blåsargruppe beståande av konfirmantar av året (90 til stades).
  - Gudsteneste 2 juledag med Anna Nøstbakken på kornett

Kulturskulen heldt sin årlege adventskonsert i Moster kyrkje fredag 28 november.

Medlemmer av kyrkjekoret deltek på dei fleste gudstenestene som forsongarar. Koret hadde 27 ordinære øvingar i 2025. Ved årsskiftet hadde koret 7 aktive medlemmer frå Moster sokn. Det er færre enn ved førre årsskifte. Koret har for få medlemmer, særleg herrestemmer, til å kunne fungere som eit sjølvstendig, firstemmig blandakor. Sjølv i kombinasjon med Bømlo kyrkjekor, er det for få herrestemmer. Påfyll av nye songarar er høgst naudsynt dersom koret skal halda fram over tid.

Kyrkjemusikalske utval har hatt fem møte og handsama 25 saker i 2025. Mykje av arbeidet har gått ut på å førebu og evaluere ulike gudstenester og arrangement. Desse evalueringane har viktige innspel til gudstener som kjem, t.d. på Vetahaugen og i Moster amfi.

Ein har òg diskutert rekruttering til kyrkjekoret, utan å finne noko columbi-egg, og oppstart av barnekor, men ikkje funne det realistisk p.t. I utvalet sit pr 31/12 2025 Camilla Rubach. Øystein Skullerud, Aksel Lygre, Olav Kvarven, Heidi Rolfsnes og Gunnvald Bjotveit.

Orgelbyggjar Nils G Torkildsen hadde ettersyn med orgelet i september. Pianoet vart stemt av Per Klaver i november.

Når det gjeld babysong, viser ein til årsrapport for trusopplæring.

Det økonomiske kring kyrkjemusikken, står å lese i soknerådet sin rekneskap.

## **Diakoniutvalet og diakonalt arbeid i Moster sokn**

### **UTVALET VIL HA SOM MÅL AT ALLE SKAL LEVE I NESTEKJÆRLEIK TIL SINE MEDMENNESKE, OG FØLGJE OPP DEI MÅLA SOKNERÅDET HAR SETT**

UTVALSMEDLEMMER: Solfrid Hjelland, Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Sofie Røksund og diakon Sissel F Våge.

Utvalet har hatt fire møter med innkalling.

Aktivitet:

- Temakveld om pilegrimsvandring i Moster kyrkje i februar ved Lauritz Harr frå Bergen regionale pilegrimssenter.
- Besøksteneste. Det er stadig nye førespurnadar om besøksteneste. Dei fleste besøksvennene går på besøk anna kvar veke. Nokre går oftare, andre sjeldnare. Alderen på dei som får besøk er frå rundt 30 til 90
- Diakonen har også elles vore tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg/soknebod. Mykje av tida går til dette arbeidet.
- Utvalet har gått med blomehelsingar til dei som har mista ektefelle/sambuar eller born.
- Utvalet har også gått med blomehelsingar til 80, 90, 95 og 100 års jubilarar.
- Sorggruppe. Me har tilbod om sorggruppe om lag ein gong pr. år. Det vart invitert til sorggruppe i januar 26 i invitasjonen til minnegudstenesta allehelgen.

- Allehelgen var det minnegudsteneste for etterletne i Bremnes sokn og Moster sokn i Moster kyrkje. Diakoniutvalet i Moster deltok. Diakonen utarbeidde namneliste og organiserte det praktiske rundt minninga
- Diakonen deltek i samarbeid med psykisk helse og rus i Bømlo kommune på treff for pårørende til menneske som er avhengige av rus.
- Kvart år har me seks Treffkveldar/gudstenester tilrettelagt for menneske med utviklingshemming på Bømlo i Bremnes kyrkje. Deltakarar frå Treffkveld har også for eksempel bidrege med lystenning på i gudstenesta på 17. mai og julafta. Ein av deltakarane frå Treffkveld er fast dåpsmuggebærer.
- Teneste for flyktningar. Diakonien har i mange år hatt eit utstrekt arbeid for flyktningar. Pr i dag har me mindre arbeid her. Frivillige frå diakonien er til dømes med på open «butikk» for flyktningar på gamle BUS i regi av frivilligsentralen, og nokre flyktningar har besøksvenn
- Bømlo frivilligsentral, diakonien og Røde kors samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 129 matkassar, og 207 barn fekk gåver. Frivillige medarbeidarar frå diakonien var med å henta mat og pakka kassane. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- Fyrste helga i juli var det pilegrimstur frå Moster til Røldal i samarbeid med kystpilegrimsprest Einar Vegge og Det regionale pilegrimssenteret i Bergen.
- Diakonen lagar også til ulike temakvelder. I 2025 var det temakveld i Lykling kyrkje med Geir Gundersen. Temakvelden var i Lykling, men sørgjande frå heile Bømlo vart invitert.
- Diakonen har gjennom året hatt andaktar ved ulike arrangement retta mot ulike aldersgrupper, som barn, ungdommar, og vaksne i ulike aldrar.
- Julafta arrangerte diakonen og Bømlo Frivilligsentral lunsj på Rødekorshuset. Det vart godt motteke av dei som kom
- Gjennom året har diakonen vore med som støtte til deltakarar i trusopplæringa. For eksempel på konfirmantleir.
- Diakonen var med å ha Vern om skaparverket som tema på fellesgudsteneste for Bømlo i Lykling kyrkje i juni.

## **Samarbeid med bedehusa i Moster, Håvik, frikyrkjelege forsamlingar og dei andre kyrkjesokna**

I god tradisjon har samrådsmøta med bedehusa i soknet halde fram. Halvårlege møte med samtale og informasjon om arrangement for å unngå kollisjonar er viktig, og å få til konkrete samarbeidsprosjekt. Me samarbeidde med Sion om gjennomføringa av 17.mai-gudstenesta i Moster amfi, og med fleire av dei frikyrkjelege om bøneveke med vidare. Kurset om nådegåver i okotber må me nemna særleg. Relasjonane er gode, og det er lett å samtala, be saman og samarbeida. Elles samarbeider ein godt med Salem om ungdomsarbeid. Konfirmantfest vart gjennomført med glans. Soknepresten talar på om lag eitt møte i semesteret i Håvik og Salem. Når det gjeld dei andre kyrkjesokna nemner me den årlege gudstenesta i Moster amfi, gudstenesta Kristi himmelferd på Vetahaugen, temakvelder m.m.

## **Estlandskomiteen og samarbeidet med venskapskyrkjelyden**

Me viser til eiga årsmelding, eigen rekneskap og budsjett for dette arbeidet. Vår representant i Estlandskomiteen er Gunnvald Bjotveit. Aksel Lygre er fellesrådet sin representant for prestane i Bømlo.



Her nemner me kort at sommarleir 2025 vart gjennomført med estiske, ukrainske og norske ungdommar. Vanskelege tider i det estiske samfunnet gjer at me framleis prøver å støtta Sangaste kyrkjelyd sitt diakonale arbeid.

| Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2025 i Moster sokn |                                                                                                           |                                               |                                  |
|--------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------|----------------------------------|
| Innsatsområde                                                | Målsetting                                                                                                | Ansvar                                        | Resultat/<br>evaluering          |
| Diakoni                                                      | Å fylgja opp det arbeidet som blir gjort.                                                                 | Diakoniutvalet<br>Soknerådet                  | Oppnådd                          |
|                                                              | Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster sokn. Lage konkrete tiltak.                        | Diakoniutval<br>Tilsette<br>Soknerådet        | Ikkje oppnådd                    |
| Trusopplæring                                                | Starte vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.                                               | Soknerådet,<br>TOL-utvalet og<br>tilsette     | Delvis oppnådd                   |
|                                                              | 75% oppmøte på de store trusopplæringstiltaka.                                                            | TOL-utvalet og<br>tilsette                    | Delvis oppnådd*<br>* sjå rapport |
|                                                              | Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.                                    | TOL-utvalet                                   | Delvis oppnådd                   |
|                                                              | Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus. | TOL-utvalet,<br>Soknerådet og<br>tilsette     | Delvis oppnådd                   |
|                                                              | Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.                                      | Kyrkjelyden,<br>soknepresten og<br>Soknerådet | Stort sett oppnådd               |
|                                                              | I dåpssamtalen skal fadrar inviterast med for å bli bevisstgjort oppgåva.                                 | Soknepresten                                  | Ikkje oppnådd                    |
| Leiartrening                                                 | Rekruttere barn og ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei opplæring og leiartrening.  | Soknerådet<br>Tilsette                        | Ikkje oppnådd                    |
|                                                              | Gjennomføre Nådegavekurs i 2025.                                                                          | Soknerådet<br>Soknepresten                    | Gjennomført                      |

|                               |                                                                                                                              |                                                                                                      |                                                                      |
|-------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------|
| <b>Lyd og bilete</b>          | Arrangere kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.                                                            | Soknerådet                                                                                           | Ikkje gjort                                                          |
|                               | Oppgradere utstyret.                                                                                                         | Soknerådet/<br>fellesrådet                                                                           | Delvis gjort                                                         |
|                               | Rekruttere nye medarbeidarar                                                                                                 | Soknerådet<br><br>Presten,<br>Medarbeidarar<br>på lyd og bilete                                      | Ikkje gjort                                                          |
| <b>Gudsteneste</b>            | Arbeide for god oppslutting og deltaking i gudstenestene.                                                                    | Soknerådet<br><br>Tilsette                                                                           | Delvis oppnådd                                                       |
|                               | Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom.<br><br>Må planleggast tidleg. | Soknerådet og<br>tilsette                                                                            | Delvis oppnådd                                                       |
| <b>Kyrkjemusikalsk arbeid</b> | Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.                                                                       | Kantor, prest,<br>utval for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet                      | Delvis oppnådd                                                       |
|                               | Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.                                                                                     | Kyrkjekoret,<br>kantor, utval for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet og<br>tilsette | Ikkje oppnådd                                                        |
| <b>Kyrkjebygget</b>           | Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindauge m.m.                                                                         | Fellesrådet                                                                                          | Ikkje gjort                                                          |
|                               | Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dognad                                                                                | Soknerådet<br><br>Fellesrådet                                                                        | Delvis gjort                                                         |
|                               | Ymse dognad i kyrkja (sjå eiga liste).                                                                                       | Soknerådet                                                                                           | Delvis gjort*<br><br>* Støttelag for<br>Moster kyrkje er<br>oppretta |
| <b>Nytt orgel</b>             | Vigsling av orgelet.                                                                                                         | Kantor                                                                                               | Utført                                                               |

|                                    |                                                                                                                                                                                                                             |                                   |               |
|------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------|---------------|
|                                    |                                                                                                                                                                                                                             | Prost                             |               |
|                                    | Gje ut hefte om det gamle og det nye orgelet.                                                                                                                                                                               | Orgelheftekomiteen                | Utført        |
| <b>Kyrkja sitt 150-årsjubileum</b> | Selje resten av jubileumsbøkene.                                                                                                                                                                                            | Økonomikomiteen<br>Soknerådet     | Ikkje oppnådd |
| <b>Temakveldar</b>                 | Invitera aktuelle foredragshaldarar for hausten. Finne foredragshaldarar og tema som skapar nysgjerrigheit, utfordrar og er aktuelt.<br><br>Skape inkludering og varme i samlingane. Involvere kulturelle uttrykk / musikk. | Soknerådet<br><br>Temakveldkomité | Oppnådd       |
| <b>Smågrupper</b>                  | Oppretta nye bibelgruppe for ungdom innan utgangen av 2025.                                                                                                                                                                 | Frivillige                        | Ikkje oppnådd |
| <b>Økonomi</b>                     | Å driva eit godt arbeid innanfor gitte økonomiske rammer                                                                                                                                                                    | Soknerådet                        | Oppnådd       |
| <b>Soknerådet</b>                  | Soknerådet nyttar aktivt lista over prioriterte innsatsområde og målsetjingar                                                                                                                                               | Soknerådet                        | Noko gjort    |

| Prioriterte målsetjingar 2026 i Moster sokn |                                                                                                          |                                                                                                   |                         |
|---------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
| Innsatsområde                               | Målsetting                                                                                               | Ansvar                                                                                            | Resultat/<br>evaluering |
| Diakoni                                     | Å fylgja opp det arbeidet som blir planlagt.                                                             | Diakoniutvalet<br>Soknerådet                                                                      |                         |
|                                             | Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster sokn. Lage konkrete tiltak.                       | Diakoniutval<br>Tilsette<br>Soknerådet                                                            |                         |
| Trusopplæring                               | Starte vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.                                              | Soknerådet,<br>KUL-utvalet og tilsette                                                            |                         |
|                                             | 75% oppmøte på de store trusopplæringstiltaka.                                                           | KUL -utvalet og tilsette                                                                          |                         |
|                                             | Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.                                   | KUL -utvalet                                                                                      |                         |
|                                             | Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus | KUL -utvalet,<br>Soknerådet og tilsette                                                           |                         |
|                                             | Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.                                     | Kyrkjelyden,<br>soknepresten og Soknerådet                                                        | ?                       |
|                                             | I dåpssamtalen skal fadrar inviterast med for å bli bevisstgjort oppgåva.                                | Soknepresten                                                                                      |                         |
| Leiartrening                                | Rekruttere barn og ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei opplæring og leiartrening. | Soknerådet<br><br>Tilsette<br>Eiget utval for rekruttering, opplæring og leiartrening for ungdom? |                         |

|                               |                                                                                                                          |                                                                                                      |  |
|-------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
|                               | Oppfølging av Nådegavekurs i 2025.                                                                                       | Soknerådet<br>Soknepresten<br>Eksterne                                                               |  |
|                               | Sjelesorgkurs, lære å be for og med kvarandre. Lovsang og tilbedelse.                                                    | Soknerådet                                                                                           |  |
| <b>Lyd og bilete</b>          | Arrangere kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.                                                        | Soknerådet                                                                                           |  |
|                               | Oppgradere utstyret.                                                                                                     | Soknerådet/<br>fellesrådet                                                                           |  |
|                               | Rekruttere nye medarbeidarar, gjerne blant ungdom.                                                                       | Soknerådet<br>Presten,<br>Medarbeidarar<br>på lyd og bilete                                          |  |
| <b>Gudsteneste</b>            | Arbeide for god oppslutting og deltaking i gudstenestene.                                                                | Soknepresten,<br>utval for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet og<br>tilsette        |  |
|                               | Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom.<br>Må planleggast tidleg. | Utval for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet og<br>tilsette                         |  |
| <b>Kyrkjemusikalsk arbeid</b> | Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.                                                                   | Kantor,<br>sokneprest, utval<br>for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet              |  |
|                               | Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.                                                                                 | Kyrkjekoret,<br>kantor, utval for<br>gudstenesteliv<br>og kyrkjemusikk,<br>Soknerådet og<br>tilsette |  |

|                     |                                                                                                                                                                                                                                    |                                             |  |
|---------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|--|
| <b>Kyrkjebygget</b> | Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindauge m.m.                                                                                                                                                                               | Fellesrådet                                 |  |
|                     | Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad                                                                                                                                                                                      | Soknerådet, Fellesrådet                     |  |
|                     | Ymse dugnad i kyrkja (sjå eiga liste).                                                                                                                                                                                             | Sokenrådet og Støttelaget for Moster kyrkje |  |
| <b>Temakveldar</b>  | <p>Invitera aktuelle foredragshaldarar for hausten. Finne foredragshaldarar og tema som skapar nysgjerrigheit, utfordrar og er aktuelt.</p> <p>Skape inkludering og varme i samlingane. Involvere kulturelle uttrykk / musikk.</p> | Soknerådet<br>Temakveld-komité              |  |
| <b>Smågrupper</b>   | Oppretta nye bibelgrupper.                                                                                                                                                                                                         | Frivillige                                  |  |
| <b>Økonomi</b>      | Å driva eit godt arbeid innanfor gitte økonomiske rammer                                                                                                                                                                           | Soknerådet                                  |  |
| <b>Soknerådet</b>   | Soknerådet nyttar aktivt lista over prioriterte målsetjingar                                                                                                                                                                       | Soknerådet                                  |  |

